



## **VEDTEKTER FOR KOMMUNALT NÆRINGSFOND SEL KOMMUNE**

### **§ 1 Kommunalt næringsfond**

Gjeld årleg tildeling av midlar frå statsbudsjettet kap. 550 post 61 Kommunalt næringsfond som blir tildelt via Oppland fylkeskommune.

### **§ 2 Formål**

Dei mål og strategiar som er trekt opp i Kommuneplan for Sel er retningsgjevande for tildeling av midlar frå fondet.

Innafor denne ramma kan kommunalt næringsfond nyttast til tiltak som:

- støtte opp under eksisterande næringsliv i kommunen
- skape entreprenørskapskultur og legge til rette for ny næringsetablering
- støtte opp under regionale og heilheitlege satsingar
- kompetansebygging og nettverksbygging
- støtte til kultur- og naturbasert næringsutvikling
- arbeid med entreprenørskap i skulen og samarbeid skule/næringsliv
- prosjekt som aukar sysselsettinga blant ungdom og kvinner

### **§ 3 Bruk av midlar**

Støtte kan gjevast som tilskott og lån, her medrekna ansvarlege lån og lån på særlege vilkår.

Det er ikkje høve til å nytte fondet sine midlar til aksje- eller andelsteikning i privat næringsverksemd. Det er likevel høve til å teikne kommunale aksjar i næringssselskap, utleigebygg m.m. som kommunen eig saman med private interesser.

Det er ikkje høve til å gje garanti for lån til privat næringsverksemd.

Det kan ikkje gjevast støtte til gjeldssanering, driftstilskott til bedrifter eller til ordinære kommunale oppgåver som f.eks. avlønning av tiltakskonsulent. Dette hindrar ikkje frikjøp av tilsette til å gjennomføre prosjekt i ei avgrensa tidsperiode.

Det kan heller ikkje gjevast støtte til verksemd som mottar betydelige overføringar over offentlege budsjett, med unntak av attføringsbedrifter.

Det må visast varsemd med å gi støtte til nyetablering av detaljhandel og annan serviceverksemd dersom dette medfører konkurransevriding mellom bedrifter innan same handelsregion. I slike saker er det viktig med samarbeid over kommunegrensene.

### **§4 Vilkår for støtte**

Samla støtte til eit privat nærings tiltak bør i regelen ikkje utgjera meir enn 50 % av prosjektet sitt kapitalbehov. Ved prosjekt av særleg betyding for kvinner og ved nyetableringar kan det gjevast inntil 75 % støtte.

Støtta (tilskott og ev lån) skal vere avgrensa til:

Maksimalt støtte til ei og same bedrift må liggje innafør ei maksimumsgrense på kr. 400.000 til ei og same bedrift over ei treårsperiode. Bedrifter som mottar støtte pliktar å opplyse om at det er mottatt støtte frå næringsfondet når det blir søkt om ev ytterlegare offentlege midlar innan utløpet av ein treårsperiode (jf EØS-avtala sitt regelverk for offentlig støtte, reglane for bagatellmessig støtte.)

Det er ikkje høve til å gje støtte til prosjekt som får lån eller tilskott gjennom distriktpolitiske virkemiddel som blir forvalta av fylkeskommunen eller Innovasjon Norge.

For lån til privat næringsverksemd skal rentevilkår og reglar for attendebetalning i hovudsak følgje dei til kvar tid gjeldande vilkår for lån i Innovasjon Norge. For lån til kommunale formål gjeld dei lånevilkåra som Kommunalbanken til kvar tid nyttar når det gjeld rente og nedbetalingstid.

Før utbetaling av tilskott skal skjema ”Erklæring om mottatt tilskott frå næringsfondet i Sel” vere utfylt og underskrive.

#### **§ 5. Omsyn til internasjonale forpliktingar på støtteområdet**

Bruken av fondet må vere i samsvar med det, til kvar tid, gjeldande internasjonale regelverk som Noreg har slutta seg til på statsstøtteområdet.

#### **§ 6 Fondsstyre**

Formannskapet er fondsstyre. Administrasjonssjefen får fullmakt til å avgjere saker som ikkje er prinsipielle. Delegering er avgrensa til inntil kr. 50.000,- i enkeltsaker. Delegerte saker blir refererte i fondsstyret.

Klagebehandling av fondssaker som er avgjort av administrasjonssjefen blir først lagt fram for fondsstyret for behandling. Klagar blir behandla etter § 28 i forvaltningslova, og klagar blir lagt fram for klagenemnda.

#### **§ 7. Forvaltning, rekneskap og årsmelding**

Fondsmidla blir forvalta etter finansreglementet for Sel kommune. Det blir oppretta ein eigen balansekonto for fondet. Det skal lagast ein rapport om bruken av fondet kvart år i samband med årsmeldinga. Denne årsmeldinga skal leggjast fram for kommunestyret, i tillegg til at det blir rapportert på midla til KRD i samsvar med gjeldande retningsliner for tildeling av fondsmidler.

#### **§ 8. Godkjenning av vedtekter**

Vedtektene skal godkjennast av kommunestyret, som også kan vedta endringar.